

Referat årsmøte Askvoll LK 19.03.2026

Stad: Leirduebana i Skorva

Til stade: Ida Sofie Ekorndrud, Torbjørn Leknes, Thomas Risting, Gunnar Leknes, Kåre Leknes, Magnar Leknes og Eirik Leknes

Signering av årsmøteprotokoll: Kåre Leknes og Torbjørn Leknes

Innkalling

- Det var ikkje merknadar til innkallinga og denne vart godkjent.
- Håkon Ekorndrud vart vald som ordstyrar, og Eirik Leknes som referent.

Rekneskap og økonomi

- Rekneskapen vart funne i orden av årsmøte. Leirdueklubben kan vise til eit overskot og eigenkapital på høvesvis 25693,- og 254081,-.
- Styret sitt framlegg til budsjett vart godkjent av årsmøte.
- Det vart gjort framlegg om at styret kan disponere konto ved behov. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøtet.
- Det vart gjort framlegg på årsmøtet at Askvoll LK held seg på noverande kontingentsats for 2026 og 2027. Gjeldande satsar for senior er 470 kr, 100 kr for junior og støttemedlem. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøte.

Årsmelding

- Årsmeldinga til Leirdueklubben vart opplesen og godkjent. Årsmeldinga ligg tilgjengeleg for nedlasting på Askvoll JFL sine sider: <https://www.njff.no/sogn-og-fjordane/askvoll>

Sponsing av junior

- Styret gjer framlegg om at Leirdueklubben sponsar klubbens ungdommar og juniorar med ammunisjon og påmelding på nordisk trap stemner klubben arrangerer. Dette vart einstemmig godkjent.
- Det vart gjort framlegg om at juniorar skal ha moglegheit å søke til styret om sponsing av påmelding og skot på stemner utanfor klubbens regi. Dette var einstemmig godkjent på årsmøte.

Val i medhald til føreskrifter

Valkomiteen si innstilling pr. 19.03.2026 vart vedteke med følgjande resultat:

- **Leiar:** Magnar Leknes (attval, 1 år)
- **Nestleiar:** Ida Sofie Ekorndrud (på val i 2027)
- **Kasserar:** Eirik Leknes (på val i 2027)
- **Styremedlem/politiattestansvarleg:** Torbjørn Leknes (på val i 2027)
- **Vara politiattestansvarleg:** Thomas Risting (på val kvart år)
- **Vara til styret:** Kåre Leknes (på val i 2027)

- **Revisor:** Sissel Grytten (på val i 2027)

Valnemnd:

- Arild Grytten (leiar)
- Gunnar Leknes (medlem)
- Axel Nielsen (medlem)
- Håkon Ekornrud (vara)

Skorva 19.03.2026

Eirik Leknes (Referent)

Signert av: Torbjørn Leknes og Kåre Leknes

Kåre Leknes Torbjørn Leknes
